



# Innst. S. nr. 279

(2004-2005)

## Innstilling til Stortinget frå sosialkomiteen

St.prp. nr. 72 (2004-2005)

### Innstilling frå sosialkomiteen om trygdeoppgjeret 2005

Til Stortinget

#### SAMANDRAG

Det blir i proposisjonen fremja forslag om å regulere grunnbeløpet i folketrygda og å auke dei løyvingane på statsbudsjettet for 2005 som blir påverka av reguleringa.

Det blir gjort greie for drøftingane mellom staten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg som blei haldne 24. og 25. mai 2005. Regjeringa og dei tre organisasjonane vart samde om å auke grunnbeløpet med 1 921 kroner frå 1. mai 2005.

Det blir uttala at staten i drøftingane har teke utgangspunkt i retningslinjene for regulering av pensjonistane sine inntekter som Stortinget vedtok 28. mai 2003, jf. Innst. S. nr. 223 (2002-2003).

Organisasjonane fremja eit krav om oppregulering av grunnbeløpet med 2 142 kroner frå 1. mai 2005 som innebar ei årslønsvekst for pensjonistane på 3,5 prosent. Statens tilbod på ein auke på 1 920 kroner innebar ei årslønsvekst for pensjonistane på 3,3 prosent.

Staten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg vart samde om å auke folketrygdas grunnbeløp med 1 921 kroner til 60 699 kroner frå 1. mai 2005. Det gir ein vekst i grunnbeløpet på gjennomsnittleg 3,3 prosent frå 2004 til 2005.

Etter framlegget aukar pensjonane til einslege minstepensjonistar med 3 444 kroner per år til kr 108 852 per år. For ektepar der begge er minstepensjonistar, aukar pensjonen med 9 264 kroner per år til 199 512 kroner per. år. Utrekninga tek omsyn til at grunnpensjonen for ektepar og sambuande pensjonistar frå 1. mai 2005 auka frå 0,825 G til 0,85 G for kvar pensjonist.

Meirutgiftene ved framlegget vert på om lag 3 340 mill. kroner. I tillegg kjem auka utgifter til statspensjonane, jf. St.prp. nr. 73 (2004-2005).

Tabellen nedanfor syner utviklinga i minstepensjonane og pensjonane for unge uføre frå 1. januar 1990 etter forslaget til pensjonsregulering.

*Utvikling av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1. januar 1990-30.april 2006. Kroner*

	Minstepensjon				Unge uføre fødde før 1941	
	Einslege		Ektepar		Per år	Per mnd
	Per år	Per mnd	Per år	Per mnd		
1.01.90-30.04.90 .....	51 839	4 320	83 972	6 998	56 748	4 729
1.05.90-30.11.90 .....	54 220	4 518	87 960	7 330	58 980	4 915
1.12.90-30.04.91 .....	54 378	4 532	88 217	7 351	65 290 <sup>1</sup>	5 441 <sup>1</sup>
1.05.91-30.04.92 .....	56 978	4 748	92 158	7 680	75 688 <sup>2</sup>	6 307 <sup>2</sup>
1.05.92-30.04.93 .....	58 583	4 882	94 752	7 896	85 775 <sup>3</sup>	7 148 <sup>3</sup>
1.05.93-31.12.93 .....	59 868	4 989	96 816	8 068	87 648 <sup>4</sup>	7 304 <sup>4</sup>
1.01.94-30.04.94 .....	59 868	4 989	101 088 <sup>5</sup>	8 424 <sup>5</sup>	87 648 <sup>4</sup>	7 304 <sup>4</sup>

	Minstepensjon				Unge uføre fødte før 1941	
	Einslege		Ektepar		Per år	Per mnd
	Per år	Per mnd	Per år	Per mnd		
1.05.94-31.12.94 .....	61 116	5 093	103 200	8 600	89 484 <sup>4</sup>	7 457 <sup>4</sup>
1.01.95-30.04.95 <sup>6</sup> .....	61 512	5 126	103 992	8 666	89 484 <sup>4</sup>	7 457 <sup>4</sup>
1.05.95-30.04.96 .....	63 372	5 281	107 136	8 928	92 184	7 682
1.05.96-30.04.97 .....	66 240	5 520	111 984	9 332	96 360	8 030
1.05.97-30.04.98 <sup>7</sup> .....	69 360	5 780	117 456	9 788	105 672	8 801 <sup>8</sup>
1.05.98-30.04.99 <sup>9</sup> .....	81 360	6 780	140 040	11 670	112 752	9 396
1.05.99-30.04.00 .....	84 204	7 017	144 912	12 076	116 676	9 723
1.05.00-30.04.01 .....	88 032	7 336	151 512	12 626	121 992	10 166
1.05.01-30.04.02 .....	92 100	7 675	158 520	13 210	127 632	10 636
1.05.02-30.04.03 .....	97 140	8 095	167 208	13 934	134 616	11 218
1.05.03-30.04.04 .....	101 964	8 497	181 200 <sup>10</sup>	15 100	141 300	11 775
1.05.04-30.04.05 .....	105 408	8 784	190 248 <sup>11</sup>	15 854	146 064	12 172
1.05.05-30.04.06 .....	108 852	9 071	199 512 <sup>12</sup>	16 626	150 840	12 570

<sup>1</sup> Frå 1.1.1991.

<sup>2</sup> Frå 1.1.1992.

<sup>3</sup> Frå 1.1.1993 (Pga. hevinga av aldersgrensa).

<sup>4</sup> Fødde før 1943 (1.1.26-31.12.42).

<sup>5</sup> Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 01.01.94. Ny sats 2x60,5 prosent av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

<sup>6</sup> Heving av særtilleggssatsen frå 01.01.95. Ordinær sats utgjorde 61,55 prosent av grunnbeløpet.

<sup>7</sup> Heving av særtilleggssatsen frå 01.05.97. Ordinær sats utgjør 63,2 prosent av grunnbeløpet (minstesats 57,5 prosent).

<sup>8</sup> Auking av garantert poengfall frå 3 til 3,3.

<sup>9</sup> Heving av særtilleggssatsen frå 01.05.98. Ordinær sats utgjør 79,33 prosent av grunnbeløpet, medan minstesats utgjør 74 prosent av grunnbeløpet.

<sup>10</sup> Grunnpensjonen for ektepar auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003.

<sup>11</sup> Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,825 G frå 1. mai 2004.

<sup>12</sup> Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,85 G frå 1. mai 2005.

Kjelde: Rikstrygdeverket

Grunnbeløpet og pensjonen for einslege minstepensjonistar auka med 3,89 prosent frå 2003 til 2004. For ektepar og sambuande pensjonistar med minstepensjon var auken 6,1 prosent. Lønsveksten for lønstakarar i alt var 3,6 prosent frå 2003 til 2004.

Det blir i proposisjonen gjort greie for dei særlege skattereglane for pensjonistar som i 2005 i hovudsak er ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

Reguleringa har òg konsekvensar for krigspensjoneringa, og for 2005 blir det rekna med meirutgifter på 6 mill. kroner for krigspensjoneringa for militærpersonar og på 13 mill. kroner for krigspensjoneringa for heimestykkepersonell og sivilpersonar. Krigspensjonane blir samordna med pensjonar frå folketrygda. Det blir gjort framlegg om at løyvinga under kap. 660 Krigspensjonering aukar med 19 mill. kroner for 2005.

På bakgrunn av at avtalefesta pensjon og pensjonsstrygda for sjømenn skal regulerast i høve til ytingane frå folketrygda, blir det gjort framlegg om at statstilskottet til avtalefesta pensjon (kap. 666 post 70) aukar med 17 mill. kroner, og at løyvinga til pensjonsstrygda for sjømenn (kap. 664 post 70) aukar med 14 mill. kroner.

## MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bjarne Håkon Hanssen, Britt Hildeng, Asmund Kristoffersen og Gunn Olsen, fra Høyre, Beate Heieren Hundhammer, Bent Høie og Elisabeth Røbekk Nørve, fra Fremskrittspartiet, lederen John I. Alvheim og Harald T. Nesvik, fra Sosialistisk Venstreparti, Olav Gunnar Ballo og Sigbjørn Molvik, fra Kristelig Folkeparti, Åse Gunhild Woie Duesund og Per Steinar Osmundnes, og fra Senterpartiet, Ola D. Gløtvold, viser til de drøftelsene som har vært avholdt mellom Regjeringen, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og LO i dagene 24. og 25. mai i år, der en har kommet frem til enighet om en økning av grunnbeløpet med 1 921 kroner, fra 58 778 kroner til 60 699 kroner gjeldende fra 1. mai 2005.

Komiteen er kjent med at kravet fra organisasjonene opprinnelig var en økning i grunnbeløpet på 3,55 prosent. Etterslepet fra 2003 til 2004 på 0,05 prosent er knyttet til at pensjonistene i denne perioden fikk en årslønnsvekst på 3,55 prosent, mens rapporten fra det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppjøret viste at lønnsveksten i samme periode var på 3,6 prosent. For-

ventet lønnsvekst fra 2004 til 2005 er anslått til 3,25 prosent. Organisasjonene viste videre til det historiske etterslepet som framkommer som følge av underreguleringen siden Folketrygden ble innført i 1967.

Komiteen har imidlertid merket seg at partene under drøftelsene kom til enighet om trygdeoppgjøret for 2005.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Senterpartiet viser til at pensjonistenes organisasjoner i utgangspunktet stilte krav om dekning av etterslep på 0,05 prosent for 2004 i tråd med det tekniske beregningsutvalgets rapport nr. 1 2005, der det fremgår at lønnsveksten for alle grupper fra 2003 til 2004 var 3,6 prosent, mens pensjonistene i perioden fikk en årslønnsvekst på 3,55 prosent.

Disse medlemmer vil også vise til organisasjonenes krav om 0,25 prosent kompensasjon utover Regjeringens eget anslag for årslønnsvekt 2004-2005 for å kompensere for deler av det historiske etterslepet som er akkumulert siden 1967. Disse medlemmer minner, også denne gang, om intensjonen da folketrygden ble innført i 1967, om at full pensjon ved full opp-

tjening skulle utgjøre 2/3 av lønnsinntekt og disse medlemmers forslag i Innst. S. nr. 272 (2001-2002) til trygdeoppgjøret 2002 der det heter:

"Stortinget ber Regjeringen innen utgangen av 2002 legge frem en opptrappingsplan som skal ha som resultat at fullt opptjent pensjon i 2007 skal utgjøre 2/3 av tidligere lønnsinntekt."

Disse medlemmer mener fortsatt at Stortinget er forpliktet til å oppfylle de intensjoner som ble nedfelt i innstillingen ved behandlingen av folketrygden i 1966, men peker på at det ikke lar seg gjøre å bidra til en slik utvikling på tvers av organisasjonenes egne innstillinger og forhandlingsresultater.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil på denne bakgrunn og under henvisning til avtalen mellom regjeringspartiene og Fremskrittspartiet i Stortinget om subsidiær støtte fra Fremskrittspartiet til Revidert nasjonalbudsjett 2005, ikke fremme forslag om innhenting av deler av etterslepet i forbindelse med årets trygdeoppgjør.

#### TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen viser til proposisjonen og merknadene og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

Grunnbeløpet i folketrygda blir sett til kr 60 699 med verknad frå 1. mai 2005.

II

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter:			
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 255 000 000 til kr 261 000 000	6 000 000
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 615 000 000 til kr 628 000 000	13 000 000
664		Pensjonstrygden for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med ..... frå kr 621 000 000 til kr 635 000 000	14 000 000
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med ..... frå kr 788 000 000 til kr 805 000 000	17 000 000
2543		Ytingar til yrkesretta attføring	
	70	Attføringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 10 320 000 000 til kr 10 554 000 000	234 000 000
2652		Medisinsk rehabilitering mv.	
	70	Rehabiliteringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 8 400 000 000 til kr 8 562 000 000	162 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2655		Uførhet	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 16 819 000 000 til kr 17 177 000 000	358 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 24 543 000 000 til kr 25 071 000 000	528 000 000
	72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 380 000 000 til kr 1 410 000 000	30 000 000
	73	Førebels uførepensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 250 000 000 til kr 255 000 000	5 000 000
	74	Tidsavgrensa uførestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 2 155 000 000 til kr 2 202 000 000	47 000 000
	76	Yrkesskadetrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 70 000 000 til kr 72 000 000	2 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 33 015 000 000 til kr 33 734 000 000	719 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 45 645 000 000 til kr 46 640 000 000	995 000 000
	72	Ventetillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 105 000 000 til kr 107 000 000	2 000 000
	73	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 4 870 000 000 til kr 4 976 000 000	106 000 000
2680		Ytingar til gjenlevande ektefellar	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 207 000 000 til kr 1 233 000 000	26 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 034 000 000 til kr 1 057 000 000	23 000 000
	72	Sært tillegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 62 000 000 til kr 63 000 000	1 000 000
2683		Stønad til einsleg mor og far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 2 300 000 000 til kr 2 350 000 000	50 000 000

Oslo, i sosialkomiteen, den 14. juni 2005

**John I. Alvheim**  
leiar

**Harald T. Nesvik**  
ordførar